

Kjære medlem - julehelsing 2016



Atter eit år går mot slutten og det er tid for eit tilbakeblikk på året 2016.

I vinteropplaget la dugnadsgjengen ned mange timeverk med å gjera OSTER så presentabel som mogeleg til den nye seglings sesongen. I 1. pl. salongen vart alt interiøret demontert og anna vart pakka inn, før heile salongen fekk ei etterlengta oppussing. Resultatet vart framifrå bra.

I lugarane på babord side forut vart all innreing plukka ned, slik at det kunne gjerast nødvendig reparasjonsarbeid og oppussing.

Første turen i vår gjekk ikkje lenger enn til Ostereidet der OSTER låg til ankers, medan det var gjort ein tryggleiksgjennomgang med brannøvelse og flåtemønstring for besetningen.

Det vart også instruksjonar og øvelse i bruk av ankerspelet.

Det heile vart så avslutta med ei oppsummering, der trisene serverte nytrekt kaffi og tebrød.

Alle meinte at dette var ein særdeles nyttig dag, som må bli ein årleg tradisjon før sesongen startar.

Første oppdraget i år var Kulturdagen i Ytre Arna, dit OSTER frakta folk frå Valestrandsfossen, Indre Arna, Haus og Votlo. På ettermiddagen kunne dei følgja OSTER heimatt.

Ved slippsetjinga vart tjukkelsen på undervasskroget kontrollmålt. Dette skjer kvart femte år og det er alltid like spanande korleis tilstanden kan vera. Denne gongen var også reglane skjerpa og det vart målt på meir enn 160 punkt, men OSTER kom ifrå dette utan ein einaste anmerking !

Dette var svært bra og isbrytarskroget har tålt sine 108 år betre enn dei fleste på same alder.

I sommar vart det arrangert Hansadagar i Bergen, frå torsdag 9. og t.o.m. søndag den 12. juni.

Torgdagen vart arrangert laurdag den 11. Med to slike arrangement samstundes vart det mykje folk i byen. I restaurasjonen jobba trisene effektivt med å koka betasuppe, steike vaflar og å trekka kaffi.

Mange besøkjande kom ombord og det vart nokre innbringande dagar for den slunkne kassen til laget.

Den 25. juni kom Kongeskipet NORGE inn på Vågen og den kongelege sjaluppen strauk nesten bort i skutesida på OSTER, då dei kongelege vart frakta til lands på Shetlands-Larsens Brygge.

Den same dagen fekk OSTER overlevert eit kommuneflagg av ordføraren i Lindås Kommune, til bruk på gjøsstanga på baugen.

I år vart det 4 søndagsturar til musea på Salhus, Lygra og Sletta. Passasjerbelegget kunne vore betre, men det tok seg opp litt etter litt, med full båt på den siste søndagen.

I august var OSTER med på Kystsogedagane på Fonnes, Hanevik og Holmeknappen. Det var første gangen på Hanevik, men det vart vellukka med god oppsluttnad på turen lørdagskvelden og mange besøkjande kom om bord søndagen, då OSTER låg ved kaien.

Seglingsplanen for neste år er ikkje heilt klar enno, men dei tradisjonelle Kultur- og Kystsogedagane vil bli som tidlegare. I begynnelsen av august vil det bli ein tur til Fjordsteam 2017 i Stavanger.

Private oppdrag og Blåturar for firma vil koma på plass etter kvart og gjerne ikkje før ut på nyåret.

OSTER ligg no med vinterkåpa på og dugnadsgjengen er atter i gang med vedlikehaldsarbeid, som må gjerast, slik at skuta skal bli så presentabel og i god teknisk stand, som mogeleg til den neste sesongen.

Utan den trauste dugnadsgjengen, som gjer vedlikehaldsarbeid i opplagsperiodane. så hadde det ikkje vore mogeleg å halda OSTER i drift med passasjersertifikat. Det betyr mykje at OSTER kan segla rundt i fjordane her vest og ta med seg "både Bymann og Bonde" på tur.

Laget vårt har den same utfordringa, som dei andre veteranbåtлага, når det gjeld nyrekruttering av medlemmer. Laget treng nye medlemmar og er det nokon i familien eller i venekretsen din, som har lyst å vera med på dette, så kan dei ta kontakt med underteikna eller koma ombord.

Tilslutt vil eg ønska dykk alle ei God Jul og eit riktig Godt Nyttår, med takk for mange gode stunder ombord på OSTER, i året som har gått !

Vær velkomne ombord i 2017.

Med venleg helsing

Tor Johannes Bjørgaas

Leiar i Nordhordland Veteranbåtlag